

Notat

Dato:	31. mars 2020
Til:	Kontrollutvalet i VLFK v/ sekretariatet
Frå:	Birte Bjørkelo
Emne	Ressursbruk i selskapskontroll av Ferde AS

Deloitte har etter avtale med sekretariatet til kontrollutvalet i VLFK utarbeidd eit notat knytt til ressursbruken i selskapskontrollen av Ferde AS.

Selskapskontrollen av Ferde AS inngjekk opphaveleg som ein del av ein samla selskapskontroll av Ferde AS og Skyttel AS bestilt av kontrollutvala i fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland i september 2019, og som kontrollutvalet i Rogaland slutta seg til i oktober. Bakgrunnen for bestillinga var mellom anna at samferdsleministeren uttala til media at han ønskte at eigarane av bompengeselskapa skulle kontrollere rekneskapane og sjå korleis pengane i selskapa blir nytta. Samstundes visste kontrollutvala at media var i ferd med å undersøke ulike sider ved desse selskapa.

Det hasta med å få på plass ein prosjektplan og starte prosjektet, og det var ønske frå kontrollutvala at det var ein relativt kort gjenoppføringsperiode. I utgangspunktet la vi difor opp til relativt avgrensa kontrollar. Men etter at prosjektet blei bestilt og starta opp såg ein fort at det var grunnlag for å revidere prosjektet på grunn av saker som kom opp i media og innspel frå kontrollutvala. Prosjektet blei endra og utvida fleire gonger undervegs, også som følge av førebelse funn i undersøkingane til revisjonen. Siste reviderte prosjektplan blei lagt fram i november 2019. Prosjektet måtte likevel tilpassast etter dette, med vurderingar av kva undersøkingar som måtte gjerast, kva informasjon som måtte skaffast og kor mange timar som var naudsynt å bruke på dei ulike delane.

Revideringane av prosjektet førte vidare til at revisjonen måtte starte på nytt nokre gonger, med til dels justerte problemstillingar. I tillegg dukka det som nemnd opp nye moment både gjennom mediedekninga og frå revisjonen sine undersøkingar. Dette medførte at vi måtte forfølge nye spor og tematikkar. Vi måtte også legge meir arbeid inn i både i intervju (fleire måtte intervjuast fleire gonger), intervjureferat og verifiseringsprosessar for å sikre at vi fekk all informasjon vi hadde behov for og at denne var riktig presentert. Det måtte gjerast eit betydeleg arbeid for å forstå og presentere historikk og bakgrunn for opprettinga av Ferde. Det måtte også gjerast meir arbeid enn vanleg både med utarbeiding av rapport og presentasjon av denne for å sikre at all nødvendig informasjon kom med, samtidig som denne blei presentert på ein pedagogisk måte. Vi har ikkje rekna inn timar som er nytta til internt arbeid og handtering og møte som gjeld Deloitte si rolle mv. Det er vår vurdering at dette er ein av dei mest komplekse selskapskontrollane som vi har gjennomført, der mange av vurderingane av kva som måtte undersøkast og kor mykje tid ein måtte bruke måtte takast undervegs.

Til saman har det gått 509 timar til selskapskontrollen av Ferde AS. Dette er fordelt mellom kontrollutvala frå dei eigarfylkeskommunane som bestilte selskapskontrollen i samsvar med avtale.

Revisjonen har hatt løypande kontakt med sekretariatet til kontrollutvalet i VLFK undervegs i prosjektet, både om status i prosjektet der vi også har informert om at prosjektet krev fleire timar enn det som var opphaveleg planlagt.

Med venleg helsing,

(*sign.*)

Birte Bjørkelo